

Kom den første norske Asia- misjonæren til India alt i 1779?

AV LUDVIG MUNTHE

Dette er så nytt og spanande eit spørsmål at me gjerne vil gjera merksam på eit arbeid som vel dei færreste har tilgjenge til, nemleg: *Helene König, født Aalholm. Den første norske misjonær i Asia* (i «Aust-Agder-Arv 1983-1984. Årbok for Aust-Agder Museet og Aust-Agder Arkivet», Arendal 1986).

Artikkelen er skreven av lektor Dag Gleditsch, sjølv Asia-misjonær. Publikasjonen er utstyrt med mange bilete, kart og faksimile av dokument funne fram gjennom leiting i arkiv både her heime og i utlandet. Gjennom dette arbeidet på nærare 30 boksider har Dag Gleditsch levert eit mykje verdfullt bidrag til misjonsforskinga.

Forfattaren presenterer eit betydeleg materiale om helene Aalholm som i 1779 kom fram til India. Men sjølv om han har studert kyrkjebøker, skipsprotokollar og -journalar og funne fram familie-soga hennar, meiner han mykje arbeid står att før ein får full klårleik over hendingane kring denne personen som kan vera den første norske misjonæren til Asia.

Helene Aalholm vart fødd i Arendal i 1742 som den eldste av 9 søsken. Heimen hennar var merkt av kjennskapet til og påverkna den frå pietismen og skrifter som t.d. August Hermann Francke: «Haand Huus Postill». Soknepresten i Arendal på den tid hadde studert i Halle i Tyskland og bar med seg impulsar frå pietismen. Tromøy-presten hadde vore i Asia som skipsprest, så misjonen i India var ikkje ukjend i heimemiljøet hennar.

Fleire av Aalholm-familien drog ut i verda. Ein av brørne hennar vart prest på ei av dei danske vest-indiske øyane og døydde der. Ein annan bror vart seilmakar og sjømann og døydde på Borneo i Indonesia. Helene Aalholm drog sjølv til København og sidan til Amsterdam før ho våren 1779 kom til sentret for dansk kongemisjon og handelsinteresser i Tranquebar på austkysten av India.

Forfattere gjer merksam på at ho ikkje drog ut som einsleg kvinneleg misjonær. Det ville elles vore underleg på den tid, lenge før det første protestantiske misjonsselskapet vart skipa i 1792. Gleditsch har leita etter svar på kvifor ho reiste ut. Han har funne at medlemmer av familien hennar hadde kontakt med både «Det Dansk-Ostindiske Compagnie» og med folk innan administrasjonen i Tranquebar-kolonien. Det kan sjå ut som ho drog til India som guvernante for dei tre barna til ein navngitt embetsmann.

Det som er funne litande kunnskap om er korleis Helene Aalholm vart misjonær. Ho vart nemleg 37 år gamal gift med den tyske misjonæren Johan Friedrich König. Dei vart vigde 29. oktober 1779, same året ho kom ut. Første kona hans var død i India to år tidlegare.

Gleditsch har dertil funne fram interessante opplysningar om misjonsprest König sin pietismebakgrunn, hans utdanning til misjonær i Francke sin skule, kallet han fekk frå danskekongen til å verta India-misjonær, ordinasjonen i København og utsendinga til Tranquebar som misjonær i byrjinga av Christian den 7. si regjeringstid, og at König ei tid leia heile Tranquebar-misjonen.

Det ligg ikkje føre detaljopplysningar om Helene Aalholm sitt misjonsarbeid i India. Men forfattere meiner å kunne påvisa at ho ved sida av heimen har arbeidd med undervisning og rekneskapsføring, slikt ho gjennom heimen i Arendal og i arbeid i Danmark hadde fått innsikt i.

Helene Aalholm König døydde den 6. juni 1793 og vart gravlagd i Tanquebar same året som William Carey kom til India. Ho var føydd nett hundre år før NMS vart ein røyndom.

Ein har visst at tyske, danske og svenske tok del i denne tidlege kongemisjonen til India. Takka være Gleditsch sitt arbeid veit me no at ein kvinneleg norsk misjonær også tok del, den første norske misjonæren til Asia.

Dei som vil arbeida vidare med dette materialet, vil vera forfattere takksam for og ha stor nytte av dei 6 sidene med fyldige noter og dei 3 sidene med kjeldetilvising til bortimot 10 ulike arkiv i privat og offentleg eige heime og ute.